

Vilkår for tildeling av tilskot til verna kulturminne 2022

Tilskotsordninga tek sikte på å gje tilskot til istandsetting av verneverdige kulturminne prioritert av kommunane, regulert til bevaring/omsynssone vern i kommunale arealplanar eller vurdert av fylkeskommunen som kulturminne av høg regional verdi. Ordninga skal støtte opp om vedtekne målsettingar, jf «Premiss: Kultur - Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025».

Hordaland fylkeskommune tildeler midlar til kommunane på grunnlag av søknadar frå eigarar av kulturminne som er prioriterte i kommunen sin kulturminneplan. Mottakarar av støtte skal venda seg til kommunen i søknads- og tildelingsprosessen.

Kva kan støttast

Det kan berre søkast om tilskot til faste kulturminne i Vestland fylke som er:

- prioriterte i kommunal kulturminneplan
 - vurderte av fylkeskommunen som kulturminne av regional verdi eller interesse
- Kulturminne regulert til bevaring/omsynssone etter Plan- og bygningslova vert prioriterte

Tilskot skal i første rekkje nyttast til konkrete vernetiltak på bygningar og anlegg.

Tilskot kan også nyttast til andre tiltak i handlingsplan til kulturminneplan, som kurs og formidling.

Kva kan ikkje støttast

- › Tiltak på kulturminne i statleg, fylkeskommunalt eller kommunalt eige.
- › Tiltak på freda kulturminne.
- › Ordinær vedlikehald og drift.

Vilkår for tildeling

Tildeling føreset annan finansiering i minst tilsvarende storleik. I særlege høve kan kravet fråvikast.

Tiltaka skal fylgje antikvariske retningslinjer med desse hovudprinsippa:

- Skift så lite som mogleg. Der utskifting er nødvendig, skal originale deler kopierast. Dette gjeld òg for kledning og listverk.
- Bevar konstruksjonsmåtar
- Bruk god materialkvalitet, tradisjonell takteking og tradisjonell overflatebehandling
- Behold originale vindauge og dører

Gode råd om restaurering finn du på byggogbevar.no.

Utførande handverkarar må ha utdanning eller realkompetanse innan bygningsvern og kunne vise til erfaring frå tilsvarende prosjekt. Tiltaket må gjennomførast i samsvar med søknaden. Eventuelle avvik frå dette må meldast til kommunen snarast råd.

Varigheit

Tilskotet gjeld ut tildelingsåret og det påfølgande år. Dersom tiltaket ikkje er gjennomført i løpet av tildelingsåret, skal det leverast ein førebels statusrapport for prosjektet til kommunen innan 1. januar 2022. Tiltaket må vera fullført og endeleg rapport levert innan 1. november 2022.

Rapportering

Det utførte arbeidet skal godkjennast av kommunen før utbetaling.

Rapporten skal innehalda:

- Utgreiing av gjennomførte tiltak og eventuelle avvik frå planen for tiltaket.
- Rekneskap med oversikt over kostnader og finansiering
- Dokumentasjon i form av før- og etter-foto e.l.

Rekneskapen må dokumenterast med kopiar av bilag tilsvarande ein sum minst så stort som tilskotet. Tilskotsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt sum er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Fylkeskommunen sin revisor skal ha rett til tilkomst til tiltaket og innsyn i rekneskap og dokumentasjon i slik grad som fylkeskommunen og revisor finn naudsynt av kontrollomsyn.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjera dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Søknadsfristen til Sveio kommune er 5. januar